



«Mottakernavn»  
«Adresse»  
«Postnr» «Poststed»  
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

## Oppstart av supplerande vern av Sævarhagsvikjo og Hovaneset i Stord kommune

Vi melder oppstart av supplerande vern av området Sævarhagsvikjo og Hovaneset i Stord kommune. jf. naturmangfaldlova § 42 og kapittel V.

Det samla arealet er på om lag 158 dekar og består av trua og svært viktig natur knytt til seminaturleg eng og fuglerike gruntvassområde. For å informere lokalt om verneframlegget inviterer vi til ope informasjonsmøte allereie på tysdag den 5. mars. Frist for uttale er 12. april 2024.

### Nasjonalt oppdrag

Verneframlegget er ein del av det nasjonale oppdraget «Bevaring av verdifull natur» som omfattar oppretting av tre nye nasjonalparker og 22 mindre område i Vestland. Eitt av desse er Sævarhagsvikjo og Hovaneset på Stord. Parallelt med dette sender vi ut oppstartsmelding for gruntvassområdet Leiro på Huglo i Stord.

Føremålet med vern av Sævarhagsvikjo og Hovaneset vil vere å ta vare på trua, sjeldan og sårbar natur, jf. naturmangfaldlova § 37 a.

### Trua og sårbar natur

Naturbeitemark er ei seminaturleg eng med langvarig hevd gjennom beiting, og er utan fysiske spor etter pløying eller gjødsling. Det gjev gode levekår for svært mange artar. Naturbeitemarka på Hovaneset er ei av dei mest artsrike og verdifulle naturbeitemarkane i landet. Særleg viktig er beitemarka for beitemarksoppar, og til no er om lag 90 artar registrert og mange av desse er trua.

Like ved ligg Sævarhagsvikjo som er det største marine gruntvassområdet i Sunnhordland. Arealet består av evje og leirbotn og utgjer eit svært viktig raste- og beiteområde for ender og vadefuglar. Heile 23 artar vadefuglar og 22 artar av andefuglar er registrerte på lokaliteten.

### Lite verna frå før

Naturbeitemark er ein trua naturtype (VU) og det er svært dårleg vernedekning av naturtypen i Vestland. Historisk har gruntvassområde blitt utsett for ulike typar inngrep, men i nyare tid er dette presset redusert. Derfor er ikkje naturtypen «grunn marin sedimentbotn» lista som nasjonalt trua. Dette er likevel ein naturtype som er viktig for svært mange artar, sjølv om den er sjeldan i Vestland og i liten grad er tatt vare på gjennom vern.



## Naturkrise også i Vestland

Globalt, så vel som lokalt i Vestland står vi over for ei naturkrise like alvorleg som klimakrisa. Tap av natur til utbygging er den viktigaste enkeltårsaka. Områdevern sikrar at viktig natur ikkje blir øydelagt, og er difor eit av våre viktigaste verktøy i møte med naturkrisa.

Områda som no verneoppdraget for Vestland, skal bidra til å dekke manglane i eksisterande verneplanar. Ved å bevare desse områda som dei er, kan dei bidra til at vi når dei nasjonale måla om bevaring av eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar og om å ta vare på trua artar og naturtypar.

## Vern av skog

Vi er i dialog med ein grunneigarar på Haga som har om lag 9 dekar med skog innafor verneframlegget. Vi er også i samtale med skogeigarforeiningane AT Skog og Norskog. Skog er ein arealtype som er i særstilling og der alt vern skjer etter ordninga frivillig skogvern. Det gjer at vern av skog i samband med dette oppdraget også skal vere frivillig. Eigar kan takke nei til vern av skogarealet seinare i prosessen om ein ønskjer det, då vil skogarealet ikkje bli tatt med i vidare arbeid.

## Planstatus

Basert på forslag til avgrensing av verneframlegget, er arealføremålet i kommuneplanen sin arealdel gjennomgåande Landbruk, Natur og Friluftsområde (LNRF). I tillegg er det eit mindre areal heilt i sør med føremål småbåthamn som endå ikkje er utbygd. Kor ei vernegrense vil gå her vert avklart i vidare prosess. Store delar av områdeforslaget er omfatta av ulike omsynssoner i kommuneplanen: «bevaring naturmiljø», «bevaring kulturmiljø» og «landskap».

## Dialog om kandidatområda

Statsforvaltaren arrangerte eit felles informasjonsmøte med alle kommunane som husar kandidatområde for vern den 28. april 2023. Sakshandsamar hos oss var også og informerte om oppdraget til utval for plan og utvikling i Stord kommune 29. juni 2023. Etter det vart det sendt brev med orientering av oppdraget til grunneigarane 10. oktober 2023. Det har vore god dialog med kontaktperson i kommunen om oppdraget.

Med bakgrunn den dialogen vi har hatt med Stord kommune, vurderer vi området er klart for formell oppstart av vernearbeid.

## Konsekvensar ved vern

Føremålet med vernet er å ta vare på dei viktige naturkvalitetane. Det vil seie at det ikkje vil vere mogleg med ny utbygging eller aktivitetar som kan skade verneverdiane innafor området. Eit vern vil gje forvaltninga betre moglegheiter til å støtta opp om tradisjonell landbruksdrift som beiting i området, noko som også artsmangfaldet på Hovaneset er avhengige av.

På grunn av at ein sentral del av føremålet med vernet vil vere å sikra viktig raste - og hekkeområde for fugl, ønskjer vi ikkje at det skal vere ope for jakt i verneområdet. Det har heller ikkje vore vanleg i tilsvarende område ved tidlegare verneplanar. Vidare vil det vere nødvendig med forbod mot bruk av kunstgjødsel, fordi det vil vere svært negativt påverknad for dei trua beitemarksoppene i naturbeitemarka.

Andre aktivitetar vil vi kunne gje løyve til etter nærare dialog med søkjar. Det kan til dømes vere å halde ved like grøfter knyt til dyrka mark, motorferdsle til ulike nødvendige føremål og tiltak knytt til kulturminne. Bruken av omkringliggjande område vil kunna vera som før.

## Erstatning

Grunneigarar og rettshavarar har rett til erstatning frå staten for økonomisk tap når eit vern medfører ei vanskeliggjering av igangverande bruk etter naturmangfaldlova § 50. Grunneigar vil ha ein frist på fire månader etter vernevedtaket til å fremje skriftleg krav om erstatning til Miljødirektoratet, jf. naturmangfaldlova § 51. Då er det Miljødirektoratet som har ansvaret for å sørgje for at det vert gjort erstatningsvurdering for grunneigar.



## Vidare prosess

Etter denne oppstartsmeldinga vil vi gå gjennom alle innkomne innspel. Då vil vi også vurdere om det er trong for å korrigeringar i verneframlegget med bakgrunn i innspela. Neste etappe i verneprosessen vil vere høyring. Då vil vi presentere eit oppdatert verneforslag som også inkluderer utkast til vernereglar og oppdatert vernekart.

## Ope informasjonsmøte tysdag 5. mars

I samband med start av vernearbeid ønskjer vi å invitere til ope informasjonsmøte tysdag den 5. mars frå kl 18.00 på Samhald på Rommetveit i Stord. Møtet vil også omfatta start av vernearbeid for Leiro på Huglo.

Det gjev oss høve å betre informera om kvifor vi ønskjer å verna dette området, og svare på spørsmål. Vi håpar også å få meir informasjon frå de som er lokalkjente om bruken av området og tips om det er lokale interesser eller tema vi må greie ut nærare.

## Frist for uttale er 12. april 2024

Du kan også finne meir informasjon om arbeidet på nettstaden vår under «høyringar» ved å følgje denne adressa: <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/hoyringar/>

Du kan også lese meir om [oppdraget om supplerande vern her](#) og sjå meir nøyaktige digitale kartskisser og [bilete frå alle dei andre kandidatområda i Vestland](#), og bakgrunnsdokument for dette oppdraget vårt.

Frist for å koma med uttale [til denne oppstartsmeldinga er 12. april 2024](#). Det vil også vere høve for å kome med uttale etter høyringa seinare i verneprosessen.

Dersom det er ytterlegare spørsmål kan ein ta direkte kontakt med sakshandsamar på e-post [magnus.steinsvag@statsforvaltaren.no](mailto:magnus.steinsvag@statsforvaltaren.no) eller telefon 55 57 23 25.

Adresselista til dette brevet er invitasjonen er henta ut frå eigedomsregisteret. Dersom de finn feil eller manglar ved adresselista sett vi stor pris på å få attendemelding om det. Det er viktig for oss å nå ut til alle grunneigarane med informasjon.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Eline Orheim  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1 Forslag Vernekart

Kopi: Miljødirektoratet



### **Mottakarliste:**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Fiskeridirektoratet  
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE  
Landbruksdirektoratet  
Direktoratet for mineralforvaltning med  
Bergmesteren for Svalbard  
Vestland fylkeskommune  
Luftfartstilsynet  
Forsvarsbygg  
Avinor  
Kystverket  
NTNU  
Høgskulen på Vestlandet  
Norsk institutt for bioøkonomi  
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/  
Bergen Turlag  
Det norske skogselskap  
Den Norske Turistforening  
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og  
Fjordane  
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening  
Fortidsminneforeningen  
Friluftslivets Fellesorganisasjon  
Friluftsrådenes Landsforbund  
Havforskningsinstituttet  
Norsk institutt for naturforskning  
KS - Kommunesektorens organisasjon  
Natur og ungdom  
NHO Reiseliv  
Norges Bondelag  
Norges Dykkeforbund  
Sør-Norges Fiskarlag  
Norges Jeger- og Fiskerforbund  
Norges Geologiske Undersøkelse  
Norges Handikapforbund  
Norges Kystfiskarlag  
Norges Miljøvernforbund  
Norges Naturvernforbund  
Norges Orienteringsforbund  
Norges Skogeierforbund  
Norsk Biologforening  
Norsk Bergindustri  
Norsk Bonde- og Småbrukarlag  
Norsk Botanisk Forening  
Norsk Industri  
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS  
Norsk Ornitologisk Forening



Norsk Sau og Geit  
Norskog  
Norsk Zoologisk Forening  
Sabima  
Statens Kartverk  
Statkraft SF  
Statnett SF  
Universitetet i Bergen  
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet  
WWF Verdens naturfond  
Naturhistorisk museum  
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet  
Vegdirektoratet  
Stadnamntenesta på Vestlandet  
BØMLO OG STORD BONDE OG SMÅBRUKARLAG  
Stord Bondelag  
STORD SAU OG GEIT  
BIRDLIFE NORGE - SUNNHORDLAND LOKALLAG  
HØGSKULEN PÅ VESTLANDET  
SUNHORDLAND BOTANISKE FORENING  
STORD SOGELAG  
STORD-FITJAR TURLAG  
STORDØY JEGER- OG FISKARLAG  
STORD KOMMUNE  
Bodil Haga Helland  
Harald Haga  
ROMMETVEIT BÅTLAG  
Ragnhild Kloster Rommetveit  
Hans Aarbø  
Magnhild Agdestein  
Kjetil Sele  
Finn Botnen  
Anne Karin Jansen  
Ole Yttredal  
Ruth Jørgensen  
Eldbjørg Lie Jørgensen